

# – Målstrid så lenge vi må

– Målstriden skal vi kjempe heilt til vi får gjennomslag, lovar **Susanne Egset frå Ørsta. Ho fekk inn ei rekkje underskrifter under lærebokstreiken i Volda torsdag.**

**VOLDA.** Fleire hundre elevar møtte opp då Marita Hovland frå Norsk Målungdom heldt streikeappell for nynorske lærebøker i Voldahallen torsdag føremiddag. Samla sett var fleire tusen elevar ved vidaregåande skular også i Ørsta, Kristiansand, Bergen, Oslo, på Voss og på Sandane med på punktstreiken.

**Skamme seg.** I Volda møtte fleire hundre elevar opp for å høyre appellen til Marita Hovland frå Norsk Målungdom. Ho gjorde det klart at kunnskapsminister Øystein Djupedal har all grunn til å skamme seg, og at han snarast må ordne trykking av nynorske lærebøker.

Saka handlar om at titusenvis av elevar, frå første klasse i grunnskulen og oppover til ut vidaregåande, ikkje får lærebøker på si eiga målform. Mange vidaregåande elevar vert no tvinga til å kjøpe lærebøker på bokmål, fordi den nynorske utgåva førebels berre finst som pdf-filer på nettet.

**Kritikkverdige.** – Dette er ikkje noko mindre enn ei stor skam for kunnskapsministeren og heile departemenet, seier Marita Hovland til Sunnmørsposten.

– Meiner du Djupedal bør trekkje seg?

– Eg skal ikkje forlange det på vegner av Norsk Målungdom, men kanskje burde han det. Dei to føregåande ministrane er ikkje stort betre på dette feltet. At det ikkje er kome obligatoriske lærebøker langt inn i eit nytt skuleår, er sterkt kritikkverdige og vel verdt å streike for, seier Hovland.

Ei rekkje elevar stogga att og stod i kø for å skrive under på eit opprop mot minister og departement.

**Same kampen.** Bak bordet sat mellom andre Susanne Egset, lokal medlem i Norsk Målungdom og avgangselev ved Volda v.g. skule. Ho var glad for at mange skreiv under på oppropet mot ministeren, og er budd på å stå hardt på krava.

– Eg veit jo svært godt at vi kjempar same kampen som elevar har gjort i år og tiår før oss. Kampen er likevel så innlysande viktig at det ikkje er snakk om å bøye unna for feige politikarar og byråkratar.

– Vi som går her no, dett elles mellom to reformer. Neste kull er lova gratis skulemateriell, medan dyre lærebøker vi måtte kjøpe no, er gjort verdilause. Eg har ikkje stor respekt for måten styresmaktene organiserer undervisninga, sa Susanne Egset mellom anna.

**KNUT ARNE AARSET**  
knut.arne.arset@smp.no